



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Kyrkjebø sokneråd**

## **Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd**

Møtedato: 19.01.2023

Møtetid: kl.19.00

Møtestad: Kyrkjebø Kyrkje

Til stades:

Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Aud Kjersti Haugen, Andreas Ester, Irene Aase Aarseth og Heike Müller på første del. Ellinor Austreim hadde meldt forfall. Anna Sofia Høvik møtte ikkje.

Kopi av møteboka går til :

Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ørjan Haram, Gerda Otterstein, Ali Kharrat, Heike Müller, postmottak Hoyanger kommune.

Sakliste:

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste. Nokre tilleggssaker under Ymse.

Godkjenning av referat frå møtet 02.01.23.

Det var ingen merknad til referatet frå møtet 02.01.23.

Sidan sist:

Valkurs i Førde, der tre frå SR møtte pluss prest og sekretær.

Gudsteneste 15. jan. Interessant preike - sette ting litt i perspektiv.

Gudsteneste 8.jan i Hoyanger, der Heike Müller vart innsett som trus-opplærar.

Postlista:

Litt korrespondanse mellom kontor og leiar ang. bjørka som skal fjernast på kyrkjegarden. Sigmund Folkestad skal utføre jobben, SR fjernar greiner og ved etterpå.

På lønnslippen for SR-tillitsvalde stod det berre 5 møter. Det rette skal vere 6 møter.

Kyrkjevalet – vert kunngjort felles for Sunnfjord prosti i Firda.

### **Meldingssaker:**

#### **230001: Truopplærings tiltak i soknet i 2023.**

Heike Müller var med på denne delen av møtet. Det vart her refert til ref. frå mai -21. Lite har vore gjort i etterkant, pga covid restriksjonar og mangel på tilsett som trusopplærar i deler av perioden.

Vi hadde litt idèdugnad og Heike fekk sei litt om kva ho tenker der. Ho er alt begynt å jobbe litt. 2-års samling, 3-års samling, 4-års samling med aktivitetsbok og gudsteneste med utdeling av "mi 4-årsbok" (passar fint på hausten), 6-års samling og gudsteneste med utdeling av "mi 6-årsbok". For 3. klasse: tårnagenthelg med gudsteneste, for 5. klasse: minikonfirmant, eit opplegg med 4 samlingar med ulike temaer og diplom på gudsteneste etterpå og felles leir på Alværa (passar fint i tida før påske).

Tips til praktisk gjennomføring:

finne eit tidspunkt som kan passe flest mulig - laurdag kl.11.00/12.00? Yrkedag i 17.00/17.15 tida?

Ca ein og ein halv time.

Fleire aldersgrupper sama, sidan det er ei lita bygd og små kull.

Å bygge relasjonar er viktig.

Heike vil då prøve med småbarnstreff for 1-6 år, gjerne laurdagar til å begynne med, for å skape kontakt med foreldre og barnegrupper.

Heike ynskjer å komme på nytt SR-møte til hausten for oppsummering av aktiviteten.

### **Sak 230003: Barnehage og skular på påskevandring**

Saka vart flytta fram, så Heike og kunne få delta her.

Det har vist seg vanskeleg å få arrangert skulegudstenester.

Skal soknerådet i staden invitere til påskevandring for born, etter ein modell prøvd i Lavik?

Påskevandringa må i so fall settast opp seinast ei veke før påskeferien tek til.

Heike vil ta kontakt med skule og barnehage for å høyre om kva tid som kan passe til aktivitetar med den aldersgruppa, og for å skape kontakt mellom barnehage, skule og kyrkja.

Heike vil gjerne sjå om det kan lagast eit opplegg som passar Kyrkjebø og Vadheim.

Kjekt for borna å få diplom og premiar.

SR ynskjer fortsatt å få til skulegudsteneste før jul / førjuls-samlingar.

### **Sak 230002: Kyrkjeleg årssatistikk:**

Kyrkjeleg årstatistikk vil bli innsendt til SSB innan fristen 20.01.23.

### **Vedtaksaker :**

#### **Sak 0002/23: Offertildeling 2023**

##### **Vedtak:**

Same føremål vert tildelt både i Vadheim og på Kyrkjebø.

SR-leiar får mynde til å fordele føremåla på datoar slik det høver til årshjulet og kyrkjeåret.

Lista over tidlegare vedtekte føremål er vedlagt innkallinga og protokollen.

#### **Sak-0003/23: Kyrkjevert- ordninga.**

##### **Vedtak:**

Soknerådsmedlemene fordeler kyrkjevert-rolla mellom seg og andre friviljuge.

Datoar for kvar vert sett opp i soknerådsmøta, så langt ein har oversikt framover.

#### **Sak 0004/23 : Årsmøte for 2022**

##### **Saklista:**

Årsmeldinga. Merknadane som kom fram vert innarbeidde i teksten.

Årsrekneskapen. Innsamla offer i 2022 har ikkje vorte sendt ut att til mottakane frå kommunen.

Dette er purra på av kyrkjeverta.

Årshjulet/arbeidsplanen:

SR vil ha opa kyrkje også sommaren -23. Kyrkjeval 11.sept. Song og musikk kveld sept./okt.

Skulegudstenester? Folkemusikk-gudsteneste?

Budsjett for 2023. Som tidlegare vedteke.

Spørjeundersøkinga våren -22. Denne bør presenterast på årsmøtet. Leiar arbeider vidare med det.

##### **Praktiske gjeremål:**

Alle stiller som kyrkjevertar denne dagen. Kari ordnar kjøp av kake. Irene hentar bord i Vadheim.

**Vedtak:**

Soknet sitt årsmøte for 2022 vert sundag 12.02.23 på Kyrkjebø etter gudstenesta kl 11.00.

Årsmøtesakene vert justerte i tråd med drøftingane i dette møtet. Endeleg godkjenning frå rådsmedlemene vert gjort i e-post til leiar etterkvart som korrigererte saker er dei i hende.

**Sak 0005/23: kyrkjevalet 2023.****Vedtak:**

Soknerådet + ein frå Vadheim vert nominasjonskomite for kyrkjevalet 2023. Leiar ringer kandidatar i Vadheim og spør om dei kan vere med i komiteen. Frist 1. febr. Nominasjonskomiteen har sitt første møte 02.02.23 kl 19.00.

**Ymse:****Dåpsskrestiet:**

Det vert jobba vidare med å få til hyller og skap på dåpsskrestiet. Privatpersonar kan spørjast om å gjere dugnad der. Vi vil gjerne få tak i eit brukt kjøkken evt. kjøpe på Ikea.

5. mars.

Det vert jobba med å få til eit arrangement for avgåande kyrkjeverje. Leiaren orienterte om dette.

**Sak 0006/23: Direkte nominasjon til bispedømerådet av lek-personar.**

**Vedtak:** SR avstår frå å komme med eigne kandidatar til bispedømerådet.

**Sak 0007/23: Pianoet i kyrkja.**

Pianoet i kyrkja er no nystemt, og for å bevare det best mogeleg bør vi ha ein luftfuktar montert, og eit trekk over instrumentet. Fuktar vil koste ca. 5000,-. Trekket må ein sjekka prisen på. Pianostemmar estimerer prisen på stemming og fuktar inkl montering til ca kr 10.000,- + mva.

**Vedtak:**

Luftfuktar vert å kjøpe inn, og å få montert snarast råd.

Ref.

Irene Aase Aarseth